

Til Olje- og energidepartementet,
Einar Gerhardsens plass 1,
Postboks 8148 Dep ,
0033 OSLO

Kommentar til "høring om lov om elsertifikat"

Senterpartiet i Møre og Romsdal syner til høyringsbrev frå departementet av 8. desember 2010 med utkast til lov om elsertifikat.

Senterpartiet i Møre og Romsdal er glad for at det no ligg føre eit lovframlegg for elsertifikat.

Vi er også glad for at lovutkastet legg opp til teknologinøytralitet.

Vi er mindre glad for at ikkje alle småkraftverk som er bygd etter 01.01.2004 vert omfatta av ordninga med grønne sertifikat.

Endringsforslag til § 8 *Godkjenning av produksjonsanlegg*

Teksten etter bokstav a), b) og c) fell vekk slik det står i lovforslaget.

Ny tekst bokstav a) **ha hatt byggestart etter 1. januar 2004,**

Ny tekst bokstav b) **varig øke sin energiproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004.**

Dette vil vere i samsvar med lovnader som vart gitt av eit samla storting i 2004, og det vil bidra til auka tillit til politiske lovnader og hindre byggestopp. Det er ikkje lagt fram verken økonomiske eller praktiske forhold som skulle tilseie eller forsvare løftebrotet som ligg i det utsendte forslaget til lovtekst.

Til " Høringsnotat (forslag til lovvedtak) 08.12.2010 om lov om elsertifikat",
har vi fylgjande kommentar:

I kapittel **1 Innledning**, kapittel **2 Bakgrunn for lovforslaget** og kapittel **4.2 Rett til elsertifikater**, er det slått fast at elsertifikata skal vere **teknologinøytrale**.

I kapittel **5.3 Skatte og avgiftslovgivingen**, samt kapittel **6.1 Konsekvenser for myndighetene**, vert dette **prinsippet brote** ved at det vert lagt ekstra skatt i form av **grunnrenteskatt på nokre vasskraftverk**.

Dei får dermed reduserte inntekter av elsertifikata i forhold til andre sertifikatberettiga.

På same tid vil dette slå ut som ein faktor som gjer dei aller fleste kraftverk med effekt mellom 5000 MW og 10 000 MW ulønnsame. Det er alt bygt mange underdimensjonerte kraftverk som har innslagspunkt for grunnrenteskatt som effektgrense. Dette er stikk i strid med ynsket om meir rein fornybar kraftproduksjon.

Molde den 31.januar 2011.

Senterpartiet i Møre og Romsdal
Ann-Kristin Sørvik/s
Fylkesleiar